

**PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Fredag 9. november 2007 kl. 15.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Behandling av saker, jf. lov om helseforetak § 31

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Avdelingsdirektør Frode Myrvold

Frå styret møtte: Styreleiar Oddvard Nilsen

Frå administrasjonen møtte: Adm. direktør Herlof Nilssen

Også til stades: Seniorrådgjevar Torhild Weium

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjon § 13, og var representert med Kristin Madsen.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Avdelingsdirektør Frode Myrvold ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Han spurde om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og avdelingsdirektør Frode Myrvold vart valde til å skrive under protokollen.

Avdelingsdirektør Frode Myrvold overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Behandling av saker, jf. lov om helseforetak § 31

Det vart vist til brev frå Helse Vest RHF datert 5. juli 2007 der føretaksmøtet blir beden om å behandle spørsmål om sal av fast eigedom på bakgrunn av styret sitt vedtak i sak 50/2007.

Avdelingsdirektør Frode Myrvold gjorde greie for departementet sitt syn på saka.

Føretaksmøtet vedtok:


- 1. Føretaksmøtet godkjenner sal av Vestlundveien 22 i Helse Bergen HF. Føretaksmøtet legg til grunn at salssummen blir brukt til investeringar av varig verdi, slik det er omtala i Helse Bergen HF si sak 55/2006.*
- 2. Føretaksmøtet legg til grunn at sala vil bli tekne i betraktning når departementet gjer vurderingar av Helse Vest RHF sitt framtidige behov for langsiktige lån.*

Møtet blei heva kl 15.05.

Oslo, 9. november 2007



Frode Myrvold



Oddvard Nilsen